



Notat

Dato: 23.02.2018
Arkivsak: 2018/7931-1
Saksbehandlar: torrtl

Til: Sekretariat for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Ny personvernlov frå 2018 – status på tilpassing i Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen viser til protokoll frå møtet i Kontrollutvalet 05.02.18 (PS 5/2018), der utvalet ber om ein status på tilpassinga til ny personvernlovgjeving.

Kontrollutvalet stiller følgjande spørsmål:

1. Er det nokon som jobbar med ny personvernlov?

Som Kontrollutvalet tidlegare er orientert om (RS 53/2017) gjennomførte revisjons- og rådgjevingsselskapet KPMG hausten 2017 ein gapanalyse i heile organisasjonen med unntak av Skyss, for å kartleggje på kva område fylkeskommunen per i dag ikkje har rutinar og prosedyrar som tilfredsstiller det nye regelverket. Tilsvarande gjennomgang er seinare gjennomført hos Skyss i regi av revisjons- og rådgjevingsselskapet PwC.

Analysane avdekkja at Hordaland fylkeskommune og Skyss har eit betydeleg arbeid framfor seg for å sikre at interne rutinar og prosedyrar er i samsvar med det nye regelverket. Det er utarbeidd ein overordna tiltaksplan, som Økonomi- og organisasjonsavdelinga på vegner av fylkesrådmannen følgjer opp gjennom eit eget prosjekt. Alle avdelingane har peikt ut lokale personvernkoordinatorar, som representerer fagavdelingane inn i prosjektet og koordinerer aktuelle aktivitetar i sine respektive einingar.

Skyss har ein eigen tiltaksplan som vert følgt opp lokalt.

2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?

Hordaland fylkeskommune har i dag 61 ulike system med personopplysningar. 17 av desse systema inneheld sensitive personopplysningar.

Avdelingane arbeider med å gå gjennom bruken av personopplysninga og vurderer om behandlingsgrunnlaget er dekka av lov eller samtykke. Hordaland fylkeskommune vil oppdatere dei generelle retningslinjene for behandling av personopplysninga for å sikre at dei ulike avdelingane innhentar gyldig samtykke iht. ny personvernlov der dette er naudsynt. Avdelingar som nyttar samtykkeerklæringar i dag, vurderer om det må hentast inn nytt samtykke frå dei registrerte.

3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?

Hordaland fylkeskommune har inngått databehandlaravtaler med dei fleste eksterne systemleverandørane. Det er etablert dialog med alle leverandørane for å få på plass oppdaterte databehandlaravtalar i tråd med ny personvernlov.

4. Er det oppretta personvernombod/rådgivar?

Hordaland fylkeskommune var ein av dei første fylkeskommunane som fekk godkjenning frå Datatilsynet til å etablere ordning med eige personvernombod våren 2015. I samband med innføringa av ny personvernlov og vidare oppfølging av denne har fylkesrådmannen vedteke å utvide funksjonen som personvernombod til ei heiltidsstilling. Nytt personvernombod tiltreer stillinga primo april i år og vil rapportere administrativt til fylkesdirektør økonomi og organisasjon, med ei stipla linje til fylkesrådmannen på same måte som elev- og lærlingombodet og mobbeombodet.

5. Er personvernerklæringa oppdatert?

Hordaland fylkeskommune har fleire personvernerklæringar i dag. Desse vil bli oppdaterte i tråd med ny personvernlov.

6. Er det innebygd personvern i datasystem?

Hordaland fylkeskommune er i dialog med dei eksterne systemleverandørane våre for å kartlegge status for innebygd personvern i systema, jfr. også spørsmål 3.

7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å teste datasystem?

Hordaland fylkeskommune har høg merksemd på informasjonssikkerheit og fysisk IT-sikkerheit og arbeider kontinuerleg med ulike rutinar og tiltak for å sikre at dette vert følgjt opp i den daglege drifta. Det har så langt ikkje vore vurdert å engasjere eksterne hackere for å foreta slike systemtestar.

